

RETNINGSLINER FOR BRUK AV KOMMUNALT NÆRINGSFOND, SØR-FRON KOMMUNE

1. MÅLSETTING :

Næringsfondet er eit verktøy for å fremje næringslivet, sysselsetjinga og busetnaden i Sør-Fron kommune.

Hovudmålsettinga er å skape fleire arbeidsplassar og/eller å ta vare på dei arbeidsplassane vi har. Alle tiltak som får stønad bør gje grunnlag for økonomisk vekst og utvikling.

2. KVA SOM KAN STØTTAST

1. Etablering av ny verksemd.
2. Etablereropplæring
3. Tiltak som vil føre til at eksisterande verksemdar får auka konkurransekraft og sysselsetjing. Døme på slike tiltak kan være:
 - a. Strategisk og økonomisk rådgjeving
 - b. Marknadsundersøking/-planlegging og opplæringstiltak
 - c. Produktutvikling i form av konsulenthjelp, FoU-bistand, materiell o.l.
 - d. Utvikling av visuell og digital profil
 - e. Digitaliseringstiltak
 - f. Investeringar i spesialutstyr for verksemda
 - g. Tiltak som vil auke effektivitet og lønnsemd
 - h. Kompetansebygging
 - i. Tiltak som vil auke verksemdas miljøprofil og bærekraft
 - j. Nettverksbygging
 - k. Etablering av styre med eksterne styremedlemmer eller mentorordning
4. Tiltak innan kultur/idrett som har ei tydeleg og varig positiv innverking på næringslivet.
5. Tiltak som legg til rette for, og stimulerer til entreprenørskapskultur og nyetableringar.

3. PRIORITERING :

Fondsmidler til bedriftsstønad skal prioriterast i tråd med intensjonane i den til kvar tid gjeldande næringsplanen i kommunen.

Midlane prioriterast slik :

1. Tiltak med størst verdiskapingspotensial skal ha høgast prioritet. Verksemder som tidlegare har fått støtte, bør i utgangspunktet ha lågare prioritet enn dei som søker for fyrste gong.

Ein må vere varsam ved bruk av kommunale næringsfond som kan medføre konkurransevriding.

Midlane må sjåast i samanheng med annan innsats frå andre verkemiddelaktørar innan næringsutvikling og forskning og utvikling.

4. KVA SOM IKKJE STØTTAST

Tiltak som høyrer inn under vanleg drift av ei verksemd er som hovudregel ikkje støtteberettiga: Døme på slik tiltak kan være:

- Standardutstyr for eigen eller annan bransje
- Bygningsmessige tiltak eller tilpassingar
- Forbruks-/driftsmateriell
- Maskinvare/hardware til kontor/ -datautstyr
- Opplæring av nytilsette. Slik støtte kan likevel gjevast når det er mangel på kvalifisert arbeidskraft og opplæringa får eit ekstraordinært preg.

Tiltak der støtte fører til konkurransevridning internt i kommunen er ikkje støtteberettiga.

Næringsfondet kan ikkje nyttast til lån, gjeldssanering, ordinære kommunale oppgåver, aksje- og andelstegning, lånegaranti eller lovstridige tiltak.

Det kan ikkje gis støtte til tiltak som mottek landbruksstøtte (jordbruk og skogbruk) eller andre statlege overføringar (Unntatt er verna bedrifter).

5. SØKNADEN

Søknader om tilskot frå kommunalt næringsfond skal handsamast fortløpande utan nokon søknadsfrist. Næringsutvalet som fondsstyre har vedtaksmyndigheit. Søknader

om stønad skal sendast i eigen individuell søknad, og skal så langt råd er innehalde opplysningar om :

1. Personalialia frå ansvarleg for verksemda.
2. Beskriving av verksemda og det omsøkte prosjektet.
3. Bekrefta registrering i Brønnøysundregistra. Framlegging av likningsattest.
4. Korleis bedrifta står økonomisk (Gjeld eksisterande verksemdar)
5. Kapitalbehov.(Spesifisert oversikt over alle kostnader ved omsøkt prosjekt)
6. Finansieringsplan for omsøkt prosjekt.
7. Driftsbudsjett (Inntekter og utgifter)
8. Ved kjøp av brukt utstyr, skal det dokumenterast at det ikkje er gjeve offentleg tilskott til same objekt tidlegare.

6. STØNADSFORM

Stønadene vert gjeve i form av tilskot. Søkjaren mottok eige tilsegnsbrev med spesifiserte opplysningar og krav som må oppfyllest før utbetaling av tilskot kan skje. Tilskotet skal normalt utbetalast når heile tiltaket er gjennomført i tråd med godkjent søknad, og alle utgifter er dokumenterte.

Dei som får tilsegn om støtte frå næringsfondet må underteikne erklæring om tilbakebetaling av tilskot før støtte utbetalast.

- Tilskotet kan krevjast tilbakebetalt om planar/tiltak ikkje blir gjennomført i samsvar med søknaden
- Tilskotet, eller deler av dette, kan også krevjast tilbakebetalt om verksemda blir seld eller avvikla innan 2 år etter tilsegn er gitt.

Tilskott kan utbetalast på forskot eller akonto med maksimalt 50 % dersom søkjaren ønskjer dette. Erklæring om tilbakebetaling må underteiknast før forskott/akonto kan utbetalast.

Før resterande tilskott utbetalast må bekrefta bilag framleggjas. Kopi av projektrapportar/ hovudoppgåver , brosjyrar og liknande der slik finnes, skal også vedleggjas.

Tilskot frå næringsfondet vert avgrensa til maksimalt kr.200.000 pr. søknad og maksimum 50% av godkjent kostnadsoverslag.

I særskilde høve kan ein gå opp til 75%, ved prosjekt som har særskild betydning for kvinner og ungdom, - og ved nyetableringar og fellestiltak.

For kommunale tiltak innan nærings- og tiltaksarbeid, næringsmessig infrastruktur og omdømmebygging kan prosjekta fullfinansierast frå næringsfondet.

7. STØNADSVILKÅR

Støtte kan berre gis til verksemder registrert med Sør-Fron som kontoradresse, eller som fysisk etablerer seg innan kommunen. I tillegg kan det i samarbeid med Ringebu kommune gis tilskott til verksemd på Frya Industriområde.

Det kan og gis tilskott til interkommunale/regionale prosjekt .

Tilskot kan krevjast attendebetalt dersom ei privat bedrift skiftar eigar innan to år etter at stønad er gjeve.

Utstyr omfatta av tilskottet kan ikkje seljast utan godkjenning frå Sør-Fron kommune innan 2 år etter at stønad er gjeve.

Søkjaren pliktar å gje dei opplysningane kommunen ber om i samband med saks- handsaminga av søknaden

Bruken av midlar skal følge gjeldande EØS-regelverk. Ei verksemd kan ikkje ta i mot offentleg stønad som overstig € 200.000,- til eitt og same føremål i ei treårsperiode, utan at det på førehand er godkjent av ESA. Bedrifter som tek i mot stønad, plikter å opplyse om dette.

8. VEDTAKSMYNDE

Det er formannskapet som fattar endeleg vedtak om tildeling av midlar, etter sakshandsaming i næringsavdelinga i kommunen.

Stønadstilsegn på inntil kr.50.000,- kan avgjerast av kommunedirektøren.

Dei administrative vedtaka skal refererast for næringsutvalet. Næringsutvalet som fondsstyre skal fortløpande haldast informert om fondsstatus.

9. ANNA

Fondskapitalen skal ikkje kome under kr.50.000.

10. KLAGEADGANG

Eit administrativt vedtak kan klagast inn for næringsutvalet. Vedtak i næringsutvalet som ankast, skal igjen behandlast i næringsutvalet. Dersom vedtaket oppretthaldast så skal klaga handsamast av klageorganet i kommunen. Kommunestyret skal godkjenne og endre vedtektene etter vedtak i kommunestyremøte når dette er naudsynt.